

Protokoll frå representantskapsmøte nr. 2-2024

Fredag 25.10.24 vart det halde møte kl. 15.00-16.40 på Scandic Parken hotell i Ålesund.

Til stades:

Fjord kommune: varaordfører Jens Einar Aklestad
Giske kommune: politiker Marit G. Alnes
Hareid kommune: ordfører Bernt Brandal
Haram kommune: varaordfører Siv Katrin Ulla Hagala
Stranda kommune: ordfører Einar Arve Nordang
Sula kommune: ordfører Turid Humlen (leiar)
Sykkylven kommune: ordfører Olav Harald Ulstein (nestleiar)
Ulstein kommune: ordfører Stian Skorgen Scheide (*til kl. 16.15*)
Vanylven kommune: ordfører Paul Sindre Vedeld
Volda kommune: varaordfører Sverre Leivdal
Ørsta kommune: ordfører Per-Are Sørheim
Ålesund kommune: politiker Anne Berit Støyva Emblem

Forfall:

Giske kommune: varaordfører Harry Valderhaug
Herøy kommune: varaordfører Karl-Oskar Sævik
Sande kommune: ordfører Dag Vaagen
Vestnes kommune: ordfører Randi Bergundhaugen

I tillegg møtte:

Frå styret:

Styreleiar Kenneth Langvatn (ordfører i Giske kommune)
Nestleiar Sølvi Dimmen (ordfører i Volda kommune)
Styremedlem Terese Jemtegård Moen (ordfører i Fjord kommune)
Styremedlem Ann-Kathrin Storøy (ordfører i Herøy kommune)
Styremedlem Håkon Lykkebø Strand (ordfører i Ålesund kommune)

Frå administrasjonen:

Dagleg leiar Jan Kåre Aurdal
Rådgivar Vegard Austnes

Sak 11/2024: Velkommen

Ved leiar av representantskapet Turid Humlen

Leiaren av representantskapet ønskte velkommen til møtet.

Sak 12/2024: Godkjenning av innkallinga

Ved leiar av representantskapet Turid Humlen

Innkallinga vart godkjend.

Sak 13/2024: Godkjenning av sakliste

Ved leiar av representantskapet Turid Humlen

Saklista vart godkjend.

Sak 14/2024: Val av to personar til å underteikne protokollen saman med møteleiar

Ved leiar av representantskapet Turid Humlen

Anne Berit Støyva Emblem og Olav Harald Ulstein vert valde til å underskrive protokollen saman med møteleiar.

Sak 15/2024: Budsjetjustering 2024

Ved dagleg leiar Jan Kåre Aurdal

I samband med handsaminga av årsrekneskapen for 2023 peika revisor på naudsynte postar som må inn i regulert budsjett for 2024 (vedtatt før 31.12.2024.) Dette har samband med at rekneskapen har vore bokført etter rekneskapslova fram til 2022. Det var då ikkje utarbeidd investeringsrekneskap som kommunelova krev.

Revisor peika vidare på at det i budsjettet for 2024 er budsjettert bruk av bundne fond kr. 250 000. Bruk av bundne fond kan imidlertid ikkje overstige saldo Bundne fond på kr. 129 359. Beløpet for bruk av bundne fond må vere rett i revidert budsjett 2024.

Administrasjonen foreslår å dekkje inn dette ved å bruke kr. 120 641 av disposisjonsfondet (art 1940, bruk av disposisjonsfond). Disposisjonsfondet er på kr. 1 135 214.

Styret handsama budsjettendringane som nemnt ovanfor i sak 40/24 på styremøtet nr. 5- 24. Møre og Romsdal kommunerevisjon SA har ut frå IKS-lova § 19 anbefalt at forslaget til budsjettendringar vert behandla i representantskapet.

Vedtak: Representantskapet vedtek at eigenkapitalinnskotet frå 2022 og 2023 som stod som udekkja i investering i 2023 vert dekt inn ved bruk av disposisjonsfond i drift og deretter overført frå drift til investering.

Vidare vedtek representantskapet at eigenkapitalinnskotet for 2024 vert dekt inn ved overføring frå drift til investering.

Endeleg vedtek representantskapet at budsjettert bruk av bundne fond (kr. 250 000) vert dekt inn ved å bruke kr. 120 641 av disposisjonsfondet.

Sak 16/2024: Presentasjon av Ålesund kommune

Ved ordførar i Ålesund kommune Håkon Lykkebø Strand

Lykkebø Strand presenterte Ålesund kommune. Han orienterte m.a. om status på fleire av kommuneområda og i ulike næringar. Lykkebø Strand fortalte også om samarbeidet i Region Ålesund, planar for byutvikling og kulturarrangement i kommunen.

Sak 17/2024: Omorganisering av Sunnmøre regionråd IKS

Ved leiar av representantskapet Turid Humlen og styreleiar Kenneth Langvatn

Kommunal- og distriktsdepartementet har 20.08.2021 gitt ein tolkingsuttale til KS Advokatene om at regionråd organisert som IKS må omdannast til interkommunalt politisk råd (IPR) etter kommuneloven kapittel 18.

På representantskapsmøte nr. 1-2024 gjorde representantskapet i Sunnmøre regionråd IKS følgjande vedtak om omorganisering av Sunnmøre regionråd:

«Vedtak: Leiar og nestleiar i representantskapet og leiar og nestleiar i styret vert arbeidsgruppe som arbeider fram ei innstilling til møtet i representantskapet i oktober.»

Arbeidsgruppa har utarbeidd eit framlegg til samarbeidsavtale for Sunnmøre regionråd organisert som interkommunalt politisk råd (IPR). Styret godkjende framlegget til samarbeidsavtale på styremøte nr. 5-2024 med dei endringane som kom fram under møtebehandlina i styret.

Styreleiar gjekk gjennom framlegget til samarbeidsavtale på representantskapsmøtet. Sunnmøre regionråd IPR skal vidareføre formålet til Sunnmøre regionråd IKS. Til forskjell fra Sunnmøre regionråd IKS skal Sunnmøre regionråd IPR ikkje vere eit eige rettssubjekt, men inngå driftsavtale om administrativ støtte med ein kontorkommune. I framlegget til samarbeidsavtale er Ålesund kommune kontorkommune.

Sunnmøre regionråd IPR skal i tillegg til representantskap ha eit styre på 7 medlemmar og 5 varamedlemmar. Styret skal ha same geografiske samansetting som styret i Sunnmøre regionråd IKS.

Vedtak: Representantskapet sluttar seg til framlegget til samarbeidsavtale for Sunnmøre regionråd IPR. Administrasjonen sender over sak til handsaming i kommunestyra.

Sak 18/2024: Oppløysing av Sunnmøre regionråd IKS. Val av avviklingsstyre

Ved leiar av representantskapet Turid Humlen

Jf. sak 17/24 ovanfor har Kommunal- og distriktsdepartementet 20.08.2021 gitt ein tolkingsuttale til KS Advokatene om at regionråd organisert som IKS må omdannast til interkommunalt politisk råd (IPR) etter kommuneloven kapittel 18.

Vedtak: Representantskapet sluttar seg til framlegget om å oppløyse Sunnmøre regionråd IKS. Administrasjonen sender over sak til handsaming i kommunestyra. Valnemnda legg fram forslag til avviklingsstyre til neste møte i representantskapet.

Sak 19/2024: Rekruttering av ny dagleg leiar for Sunnmøre regionråd IKS/IPR

Ved styreleiar Kenneth Langvatn

Styreleiar orienterte om prosessen med rekruttering av ny dagleg leiar.

Styret vedtok på styremøte nr. 5-2024 å setje i gang ein rekrutteringsprosess etter ny dagleg leiar. Styreleiar Kenneth Langvatn, styremedlem Monica Molvær og styremedlem Vebjørn Krogsæter er oppnemnt av styret til arbeidsutval for rekrutteringsprosessen.

Arbeidsutvalet har gjort avtale med rekrutteringsbyrå om ekstern bistand i rekrutteringsprosessen. Forslag til utlysingstekst for stillinga vert tatt opp i styret til godkjenning.

Styret handsamar arbeidsutvalet si tilråding og gir si tilråding til representantskapet på neste representantskapsmøte.

Ålesund, 25. oktober 2024

Turid Humleh

Turid Humleh

Anne Berit Støva Emblem

Anne Berit Støva Emblem

Olav H. Ulstein

Olav Harald Ulstein